



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel

ved anskaffing av:

**HFK-Kultur- og idrettsavdelinga.
Produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016 og 2017**

FØRESPURNAD UNDER NASJONAL TERSKEL	1
VED ANSKAFFING AV:	1
1 OPPDRAGET OG ADMINISTRATIVE FØRESEGNER.....	3
1.1 Om Oppdragsgjever	3
1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson	3
1.3 Anskaffinga gjeld.....	3
1.4 Tidsplan	3
2 KRAV TIL YTINGA OG TILDELINGSKRITERIER	4
2.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen	4
2.1.1 Generelt om leveransen.....	4
2.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt	4
2.1.3 Kontrakt	4
2.2 Tildelingskriterier	5
3 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	6
3.1 Anskaffingsprosedyre.....	6
3.2 Krav til tilbudet og innleveringsstad	6
3.3 Tilbudsfrist.....	6
3.4 Vedståingsfrist.....	7
3.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving	7
3.6 Innsyn i dokument.....	7
4 VEDLEGG	7

1 Oppdraget og administrative føresegner

Hordaland fylkeskommune inviterer dykk til å delta i konkurranse om anskaffing av produsent til UKM-festivalen i Hordaland for 2016 og 2017.

I utgangspunktet vil det vere rett å kontakte minst tre aktørar med førespurnad om tilbod til dette oppdraget. Ved dette høvet er det to aktørar som får førespurnaden. Årsaka til dette er at det så langt Hordaland fylkeskommune kan sjå, eksisterer det ikkje nokon andre aktørar innan det organiserte frivillige kulturfeltet som har ein slik unik kompetanse på arrangør- og ungdomsfeltet som er naudsynt til dette oppdraget.

1.1 Om Oppdragsgjever

Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen vert avvikla kvart år i Hordaland.

UKM (Ung Kultur Møtes) har utvikla seg til å bli det som i dag sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM er mange små lokale festivalar der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. UKM skal vere Noregs viktigaste møteplass for ung kultur.

1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Namn: Marianne Ose Askvik
E-postadresse: marianne.ose.askvik@hfk.no

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen per e-post innan 1.september 2015 kl.15:00.

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon med andre personer hos oppdragsgjever enn nemnde kontaktperson, dersom anna ikkje vert særskild nemnd i ein avtale.

1.3 Anskaffinga gjeld

Produsenten skal samarbeide med HFK om UKM Hordaland i åra 2016 og 2017. Dette inneberer m.a. å planleggje og gjennomføre UKM-festivalen i Hordaland som arrangement i 2016 og 2017

1.4 Tidsplan

Planlagt dato	Aktivitet
12.08.15	Invitasjonen sendt til tilbydarar/konkurranse vart kunngjort
01.09.15	Tilbodsfrist
07.09. – 18.09.15	Eventuelle forhandlingar
21.09. – 25.09.15	Tilbodsevaluering og val av tilbod
15.10.15	Kontraktinngåing

Planlagt dato	Aktivitet
01.01.2016	Oppstart av kontrakt

2 Krav til ytinga og tildelingskriterier

2.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen

2.1.1 Generelt om leveransen

Hordaland fylkeskommune har det overordna økonomiske ansvaret for UKM i Hordaland og er ansvarleg for gjennomføringa av UKM-festivalen i Hordaland. Vidare er fylkeskommunen m.a. ansvarlig for rettleiing som fylkeskontakt for kommunane sine lokale UKM arrangement, og skal fungere som eit mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt. Fylkeskommunen skal også bidra med nettverk og kompetanse med tanke på utvikling av UKM-konseptet, samarbeide med URG (ungdommens ressursgruppe) representantane i Hordaland om utviklingstiltak og planlegge og gjennomføre reise til UKM-festivalen (landsfestivalen) i juni kvart år. Produsenten skal samarbeide med HFK om UKM i Hordaland og oppgåvene knytt til dette går fram av pkt. 2.1.4.

2.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt

Ytingane skal utførast i perioden 01.01.2016 – 31.12.2017

2.1.3 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av vedlagte kontraktsvilkår.

2.1.4 Innhald i oppdraget

Produsent skal samarbeide på dette feltet med fylkeskontakt i åra 2016 og 2017. Dette inneber følgjande oppgåver:

1. Planleggje og gjennomføre UKM-festivalen i Hordaland som arrangement i 2016 og 2017
2. Organisering og tilpassing av lokalar for alle kunstuttrykk
3. Organisering og tilpassing av lokalar til workshops
4. Sørgje for lokalar til sosiale aktivitetar, overnatting, matservering og til sjølve teknisk arrangement
5. Førebu innkjøp og organisering av matservering til deltakarane under UKM-festivalen (dette gjeld både matservering på arena for festivalen og til innkvarteringa)
6. Administrasjon av multimedieproduksjon av arrangementet
7. Tilrettelegging av sosiale aktivitetar for deltakerane
8. Organisering av deltakerane og reiseleiarar

9. Sørgje for tryggleikrutinar og vakthold under UKM-festivalen (dette gjeld både på arena for festivalen og til innkvarteringa)
10. Oppdatere nettportalar som www.ukm.no/hordaland og UKM Hordaland sin nettside på facebook med informasjon om UKM-festivalen i Hordaland
11. Delta på kommunekontaktmøter
12. Delta på landsfestivalen som leiar for deltakarar frå Hordaland
13. Samarbeide med og involvere dei regionale ungdommane som representerer UA (unge arrangørar) og URG (ungdommens ressursgruppe) UKM-festivalen
14. Årlig evaluering og rapport til HFK
15. Produsent forpliktar å ha jamleg kontakt med HFK

For dette arbeidet er det sett av 150 000 kroner frå budsjettet til UKM Hordaland til ei årlig utbetaling som stønad til samarbeidspartnar i åra 2016 og 2017.

Utgiftar knytt til arena for arrangementet, matsservering, multimedieproduksjon og lokale for overnatting og evt. aktivitetar (pkt. 2-7) skal betalast av Hordaland fylkeskommune, og det er såleis Hordaland fylkeskommune som inngår endeleg avtale med leverandørar. Det er såleis naudsynt at det er jamleg kontakt mellom produsent og Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune betalar for reise og opphald for produsent under UKM-festivalen i Hordaland og UKM festivalen. Utover dette står produsent fritt til å delta på konferansar og arbeidsseminar i regi av UKM Norge og dekkjer då utgiftene sjølv.

2.2 Tildelingskriterier

Ettersom kompensasjonen for oppdraget er fast, vert det kvaliteten på innhaldet i leverandøren sitt tilbud som vert avgjerande for kven som får oppdraget.

- 1) Produsenten som skal samarbeide med Hordaland fylkeskommune om UKM Hordaland skal vere organisert i det frivillige kulturfeltet med unik kompetanse på arrangør- og ungdomsfeltet. Hordaland fylkeskommune vil nytte UKM Hordaland til å utvikle kulturlivet og vil at UKM Hordaland skal vere til nytte for ein samarbeidspartnar innan det organiserte frivillige kulturfeltet, slik at samarbeidet vil komme organisasjonen sin eigen aktivitet og deira kulturelle målsetjing til gode. Hordaland fylkeskommune vil difor vektlegge kulturutviklingsperspektivet tungt i vurderinga om val av samarbeidspartnar om UKM Hordaland. Hordaland fylkeskommune vil i vurderinga også vektleggje kompetanse og gjennomføringsevne til leverandør.
- 2) Leverandør skal i sitt tilbud gi ei kort skildring til gjennomføringsplan der ein tek utgangspunkt i pkt. 2.1.4., i tillegg til kort skildring av avsette ressursar, samt kompetanse og erfaring til dei som skal gjere arbeidet. Leverandøren

skal i tillegg skildre korleis kulturutvikling vert fremja gjennom deira arbeid med oppdraget.

3 Regler for gjennomføring av konkurransen

3.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffinga si berekna verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 500 000 ekskl. mva. og er fritaken frå kunngjøringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelige føresegner (del I) og dei føresegnene som følgjer av dette konkurransegrunnlag.

Forhandlingar

Oppdragsgjevar tek atterhald om å invitere tilbydarane til forhandling/samtale etter tilbodsinnlevering. Forhandlingar vil bli gjennomførte i samsvar med dei grunnleggande krava i FOA § 3-1 og reglane om teieplikt i § 3-6.

Etter eventuelle forhandlingar er avslutta, vil tilbydarane kunne levere eit revidert tilbud.

3.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad

Innlevering på epost:

Tilbodet skal leverast på norsk. E-posten skal merkast «HFK-Kultur- og idrettsavdelinga Produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016 og 2017».

Ved innlevering skal det følgje med et tilbodsbrief som skal være datert og signert av bemyndiga person, kor det tydeleg skal gå fram:

- Verksemda sitt namn
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald skal klart gå fram av tilbodsbriefet med tilvising til kvar i tilbodet atterhaldet finst.

Tilbodet skal leverast til:

Namn: Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling

Adresse: Postboks 7900, 5020 Bergen /
e-postadresse: marianne.ose.askvik@hfk.no

3.3 Tilbodsfrist

Tilbodsfrist er sett til 01.09.15 kl.15:00.

Tilbudet skal være oppdragsgjevar i hende på innleveringsstaden før utløpet av tilbudsfristen.

3.4 Vedståingsfrist

Leverandørene er bunde av tilbudet til 01/11/2015 klokken 00:00.

3.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.

3.6 Innsyn i dokument

Ålmenta har rett til innsyn i tilbud og protokoll etter at tilbydar er valt – sjå lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) § 3-5. Oppdragsgjevaren er pålagt å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

I tilbudet må det gå klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 3-6, eller som av andre grunnar skal vere unnatekne frå innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam på at informasjon frå tilbydaren berre er rettleiande, då oppdragsgjevaren pliktar å gjere ei sjølvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentleglova.

4 Vedlegg

Vedlegg 1: Kontraktvilkår